

Hallo i nedslagsfeltet!

Endeleg er det juleferie! Og eg trur faktisk at den aldri har vore meir etterlengta enn i år! Dei siste vekene har eg hatt fem eksamenar, og har nestan ikkje fått gjort noko anna enn å lese, døgnet rundt. Med andre ord har både trening og sosiale aktivitetar vorte sterkt nedprioritert siste tida. Nokre små avbrekk frå lesinga har det heldigvis blitt likevel.

Eg har mellom anna tatt turen på KRIK-trening (kristen idrettskontakt) 1-2 gongar i veka. Eit flott tilbod for studentar som vil vere aktive, men som ikkje er like bindande som f.eks å tilhøyre eit fotballag. Med andre ord kan eg reise på trening for å spele anten fotball, volleyball, innebandy eller basketball akkurat når eg føler for det.

Eg har også vore så heldig at eg fekk vere med på finalefesten til FARMEN no på søndag, der eg var følgjet til venninna mi Mari Gjørva, som var deltakar i årets sesong. Ei storslått oppleving, og ein utruleg kjekk kveld, verkeleg!



Klarte å snike med med som linselus bak mentor og kona på TV-sendinga frå FARMEN-finalen.

Dei siste vekene har eg også vore på to foredrag arrangert av turoperatøren Hvitserk. Det eine foredraget var med Randi Skaug (første norske kvinne på Mount Everest), der ho fortalte om erfaringar på høge fjell, og motivasjonen som ligg bak slike turar. Det andre foredraget handla om smarte tips til utstyr og klede på ekspedisjonar, og vart halde av Alexander Gamme, som mellom anna er både polfarar, fjellklatrar og guide.

Slike små foredrag og input i kvardagen gjer at det kriblar i kroppen, og gjer at lysta til å reise på tur blir enda større enn den allereie er. Men når eg går ut av foredragslokalet kjem eg på at eg både er veldig opptatt som student *og* bur i Oslo, der det ikkje akkurat er verdas finaste turlandskap.

Derfor gjer det ekstra godt å komme heim til dei vakre Sunnmørsalpane, som eg lengtar slik etter når eg er i hovudstaden. Men det einaste eg manglar no er snø. Eg vil på ski!!

PS: Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 4,7

- Christina